



STATSMINISTERENS KONTOR

Pressemelding

Nr.: 24/1998
Dato: 20. februar 1998
Sperrefrist:

PRIV. TIL RED.: STATSMINISTERENS PROGRAM

Måndag 23. februar kl. 15.30 deltek statsministeren på sentralstyremøte i Kristeleg Folkeparti.

Tysdag 24. februar kl. 13.00 leiar statsministeren møte i Regjeringa sitt kontaktual for partane i arbeidslivet, på Statsministerens kontor. Det er høve til å fotografere ved starten av møtet. Etter møtet er statsministeren tilgjengeleg for pressefolk same staden.

Vi gjer merksam på at statsministeren si planlagde gjesting til København 24. og 25 februar er utsett, på grunn av at det no er skrive ut nyval i Danmark.

Fredag 27. februar kl. 10.00 tek statsministeren imot rapporten frå ein aksjon som Kristeleg Folkepartis Ungdom denne veka har hatt på dei vidaregåande skulane, på Statsministerens kontor. Det er høve til å fotografere.

Fredag ettermiddag reiser statsministeren til Ålesund, i samband med årsmøtet i Møre og Romsdal Kristeleg Folkeparti. Kl. 16.00 er han tilgjengeleg for pressefolk på Scandic Hotell. Kl. 18.00 møter han representantar for Aalesunds Handelsforening og Shippingklubben Ålesund, på Rica Parken Hotell. Kl. 19.30 er statsministeren til stades under premieren på Edvard Hoem sitt teaterstykke "Jesu siste dagar", i Ålesund kyrkje.

Laurdag 28. februar frå kl. 09.00 deltek statsministeren på årsmøtet i Møre og Romsdal Kristeleg Folkeparti, på Scandic Hotell i Ålesund.

Sundag 1. mars deltek statsministeren på gudsteneste ved Vikersundbakken i Modum, føre skiflygingsrennet der kl. 12.00.

Postadresse:
Postboks 8001 Dep
0030 OSLO

Kontoradresse:
Akersgt. 42
OSLO

Telefon -
sentralbord:
22 24 90 90
Org.nr.:
972 417 777

Presse- og Info.seksj.
Telefon: 22 24 40 07
Telefaks: 22 24 95 03

Statssekretær
Gunnar Husan
Telefon: 22 24 40 06
Privat: 22 49 19 30

Informasjonssjef
Øivind Østang
Telefon: 22 24 40 37
Privat: 22 22 28 01